



Femteklassen på skulen har ein fin tradisjon: Dei tar ein vårleg runde og plukkar boss i dei sentrale delar av Uskedalen.

I dag var tida inne for denne runden og det vart gjort ein grundig innsats med samling av papir og anna som låg langs vegane og ellers.

Klassestyrar Kari Gjesdal Svinth seier etterpå til uskedalen.no at dei fylte 2 store sekkar og at det dermed ikkje var så ille i år.

På biletet er gruppa som Kari hadde med seg kome fram til Sandakaien. Ho står til høgre for Joakim Dagestad, Malin Bakke Eik, Tor-Andre Haugland Røstbø og Emil Bakke Berntsen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)